



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

23.01.2026

Vår ref:

2022/1840

Dykkar dato:

08.01.2026

Dykkar ref:

202118856

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonsendring for Øygardskabelen 2 - Øygarden

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til endringssøknaden for Øygardskabelen 2.

Vi viser til høyringa av søknad om konsesjonsendring for Øygardskabelen 2.

Ved Nordre Blomøy muffestasjon skal stasjonsarealet utvidast, og ytterlegare 1230 m² skal gjerdast inn. I tillegg skal ei bekkelukking forlengast med 27 meter. Ved Solsvik muffestasjon vil auke i stasjonsarealet føre til at ytterlegare 4160 m² må gjerdast inn.

Statnett grunngir søknaden med at desse tiltaka er nødvendige for å byggje dei konsesjonsgitte muffehusa, men at uklar omtale, kart og visualisering har ført til at dette ikkje har vore fanga opp i konsesjonssøknaden eller detaljplanen. Konsekvensvurderinga i søknaden er at tiltaka vil påverke lokalitetar med kystlynghei og eit bekkeløp, men at det vil få liten eller avgrensa konsekvens.

Det er uheldig med ytterlegare inngrep som ikkje er fanga opp i konsekvensutgreiinga i konsesjonssøknaden, men tiltaka er nødvendige for å gjennomføre ei utbygging med høg samfunnsnytte. Det ser ut til at konsekvensane for viktig naturmiljø er relativt små. Vi har, ut frå dette, ikkje avgjerande merknader til endringssøknaden.

Med helsing

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Øygarden kommune

Ternholmvegen 2

5337

RONG

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665